

***Info om leilegheit på Solfonn.
Leilegheit L 115***



Leilegheita ligg på Seljestad i Ullensvang kommune. 10 minuttars køyring til Røldal, og i underkant av 2.5 timars køyretur fra Bømlo.

Det er eigen parkeringsplass i parkeringshus: L 115

Nøkkelsboks finn du på utsida av leilegheita. Kode blir tilsendt på SMS ca. ei veke før opphaldet.

Leilegheita har 2 soverom med sengeplassar til seks personar, med dyner og puter til alle sengeplassar. Sengetøy tar ein med sjølv. Bad med badstue.

I leilegheita finn du spisebord til seks personar, sofagruppe, vedomn og TV.

Kjøkkenet har komplett service og utstyr til alle former for matlaging, samt kaffetrakter. Røyking og husdyr innanfor leilighetsarealet inkludert balkong er ikkje tillate.

Fellesarealet inneheld aktivitetsrom for ungdom med tv/pc med moglegheit for gaming, samt biljardbord og anna. Ein kan og nyitta symjebassenget med tilhøyrande garderobebeanlegg og stor felles badstue. På uteområda er det akebakke, grillplassar, sitjeplassar og ballbinge som kan brukast fritt. Når det er nok snø (ca. 1 meter) blir det køyrt opp samanhengande langrennsløyper frå leilegheitene på Solfonn til løpenettet på Lorntjørn skistadion og Korlevoll.

Dersom vær og vind tilseier at det er mogleg, blir det lagt skøyteis på ballbingen.

Det er gode turløyper i nærområdet heile året.

Legetakar må sjølv utføre reingjering av leilegheita, utstyr til dette finn du i leilegheita. Leilegheita ligg i Solfonn Family Resort som er eit privat leilegheitskompleks. Det skal være ro i leilegheitene klokken 22 på kvardagar og 23 i helger og feriar.

Den som har fått tildelt leilegheita, må sjølv vera med under heile opphaldet.

